

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 17.06.2019
Vår ref.: 2014/13889-145
Saksbehandlar: evavinj
Dykkar ref.:

Fylkestrafikksikringsutvalet inviterer til konferanse og nominering av kandidatar til trafikksikringspris

Kvart år delar fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i Hordaland ut ein trafikksikringspris til enkeltpersonar eller grupper som gjer ein særleg innsats for trafikksikringsarbeid. Prisen lyd på 25.000 kr. Kommunane er invitert til å nominere kandidatar til prisen.

Føremålet med ein slik pris er å gje ei påskjøning til dei som legg ned mykje arbeid og engasjement for betre trafiktryggleik i fylket. Intensjonen er å på ein god måte å synleggjere trafikksikringsarbeidet i fylket, samstundes som prisen vil kunne vere til inspirasjon og motivasjon til vidare arbeid. Det er eit mål at prisen løfter fram enkeltpersonar eller grupper som har gjort ein særskilt innsats. Det vert lagt opp til at prisen skal delast ut kvart år på den årlege trafikksikringskonferansen til FTU, men dette avheng sjølvstendig av om det er aktuelle kandidatar til prisen.

Fyrst og fremst skal prisen stimulere til engasjement blant dei som i utgangspunktet ikkje har trafikksikring som si hovudoppgåve, men likevel har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket. Det er likevel slik at også personar som har trafikksikring som sitt daglege virke kan vere kandidatar til å kunne få tildelt prisen.

Vi ber om at kandidatforslag med grunngjeving vert sendt på e-post til eva.vinjevoll@hfk.no innan søndag 1. september 2019.

Trafikksikringskonferansen 2019

Hordaland fylkeskommune v/ FTU vil med det same orientere om at den årlege trafikksikringskonferansen er sett til torsdag 7. november i år. Program for konferansen blir sendt ut etter sommaren.

Enn så lenge – Set av datoen **7.november** til Trafikksikringskonferansen 2019

Torill Klinker
seksjonsleiar

Eva Vinjevoll
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.